

No 119 ¹ Jolefest

Tone: Naar vi i stør ste nøden staa

O Jesus du er gild som raar
Ei fest for os kvart enda aar
Til jol til jol til jolekvell
Daa allting stellast skal so vel

Da er fraa deg aa fraa din far
Kvart *bidig grande* so me har
De signing fraa di milde hand
Aa av di kjærleik kvart eit grand

Til jol me gilde ting skal faa
Til sjel aa lekam ovanfraa
Aa er dei Jesus fraa di hand
Me takkar deg for kvart eit grand

O Jesu du hev mang ei sjel
Aa gjera glad ein jolekvell
Aa ja du hev so mang ei mor
Aa born aa gleda rundt om paa jord

Aa alle skal di signing naa
Her er kje tvil dei heve saa
Men du for hjarta da skal til
Som alle heimar signa vil

Aa du so hjara hev aa raa
Dei opnar kvar ei hjartekraa
Sjaa til um du faa vera gjest
Fyr da er *ingjo* jolefest

Men verdi vil kje hava fred
Sjølv om du denne lyste ned
For syndi hev gjort blind aa lam
Folkeskarene rundt om land

Ja maatte no di godheit Gud
Umvenda folk til sjelesut
Da gjeng kje an aa halda fest
Utan at du er med som gjest